

– Sommargleder som gir minner for livet

Gode dager, aktive dager, late dager, spennende dager, natur, kultur og mangfold.

Dette er noko av det vi lovar deg i Eidfjord. Her får du ekte matopplevingar blanda med kultur og tradisjonar, og gjestfrie menneske. Du vel sjølv om du vil ha eit aktivt friluftsliv med naturopplevingar ved fjorden eller i fjellet, det verkelege fjellfolket sitt rike. Ved fjorden kan du nyte sol, varme og badeliv. Eidfjord er unik. Freistande. Her er det berre 30 minuttar frå vakre, varme Hardangerfjorden til villmarka i 1250 meters høgde på Hardangervidda. Her kjem du tett på naturen, kulturen og menneska. Ekte, friskt, mangfaldig og gavmildt frå naturens side. Derfor ser vi spor etter menneske 4000 år tilbake og derfor har Eidfjord og Vøringsfossen vore eit av Norges mest attraktive reisemål i over 100 år. Det er lett å la seg begeistre av Eidfjord og Hardangervidda. Her finst mulegheiter for store og små. Sommaren er intens i Eidfjord. Alt lever, naturen blomstrar, menneska smiler og du kan gjere akkurat det du har lyst til å gjere. Vere i harmoni med naturen og kulturen, deg sjølv, familie og vener, utforske naturen og mattradisjonar, bade, fiske, sykle eller gå turar. Velkomen til eit levande Eidfjord og vakre opplevingar heile året enten du er på gjennomreise eller ønsker ein stad du kan slå deg til ro for nokre dagar.

Eidfjord er ein utmerka stad å bruke som utgangspunkt for små turar til fjordane, fossane, Bergen, Voss, Geilo eller Hardangervidda. Med over 1500 gjestesenger og mange spennande spisestader, aktivitetar og attraksjonar lovar vi alle gode og ekte kvalitetsopplevingar som gir minner for livet og næring til kropp og sjel. I denne foldaren finn du ei lita oversikt over opplevingar i Eidfjord om sommaren. Nærare informasjon finn du på våre nettsider www.visiteidfjord.no.

Du er hjartelig velkommen til å besøke turistinformasjonen vår på kaien i Eidfjord sentrum. "Ve me" på sommargleder i Eidfjord!

DESTINASJON EIDFJORD AS



Foto: Heidi Kvamsdal-Naesheim

Du bur som du vil i Eidfjord

Eidfjord byr på over 1500 gjestesenger. Her finn du alt frå enkle campinghytter til det finaste hotell. Vil du overnatte ute i det fri, så ver velkomen, men ta vare på naturen. Her finn du ei oversikt over utvalde overnattingsstader i Eidfjord. Fleire overnattingsstader finn du i folderen "Turgleder" og på www.visiteidfjord.no. Nærare informasjon finn du på nettsidene til dei enkelte bedriftene eller ved å kontakte turistkontoret.

Quality Hotel & Resort Vøringfoss, 53 67 41 00	www.voringfoss.no
Eidfjord Fjell & Fjord Hotel, 53 66 52 64	www.effh.no
Vik Pensjonat og Hytter, 53 66 51 62	www.vikpensjonat.com
Kjærtveit Camping, 90 68 17 62	www.kcamp.no
Bergslien Turistheim, 99 16 91 03	www.turistheim.no
Eidfjord Gjestgiveri, 53 66 53 46	www.ovre-eidfjord.com
Sæbø Camping, 53 66 59 27	www.saebocamping.com
Garen Camping, 53 66 57 25	www.garencamping.no



DESTINASJON EIDFJORD/ EIDFJORD TURISTKONTOR

Besøksadresse:
Ostangvegen 1, 5783 Eidfjord

Postadresse:
Postboks 74, 5786 Eidfjord
turistinfo@visiteidfjord.no

OPNINGSTIDER:

2.1.-30.4. og 1.9.-31.12:
Mån-fre: 09-16

1.5.-31.5.:
Mån-fre: 09-18

1.6.-14.6. og 16.8.-31.8:
Mån-fre: 09-18 / Laurdag: 10-18

15.6.-15.8.:
Mån-fre: 09-19 / Laurdag: 10-18
Søndag 11-18

Brandtink360.no / picpoint.no - (Framsida foto: FlatEarth Adventures)

Sommargleder

med plass for alle...

Ve me!



Destinasjon Eidfjord
året rundt

Tlf. 53 67 34 00 / faks: 53 67 34 01

www.visiteidfjord.no

EIDFJORD / ØVRE EIDFJORD / SIMADAL





Foto: FlatEarth Adventures



Foto: Trebua, Olaf Bu



Foto: Agurtxane Concellon



Foto: Eidfjord Mini Triathlon, Kristian Eide



Foto: Per Øyvind Kallekleiv



Fart og spenning eller berre gode opplevingar

Du treng ikkje å kjede deg i Eidfjord. Her ser du nokre av aktivitetane du kan delta på i sommar:

- **Eidfjord Aktiv AS** – tilbyr bakeverkstad (lokal bakst), og matservering i lavvo. Tel. 90276395, eidfjordaktiv@gmail.com, www.eidfjordaktiv.com
- **FlatEarth Adventures** – kajakkpadling, rappelling, fun rafting, fossefalls-hopp, klatring, down hill mountain biking, elvepadling, kano- og sykkelutleie m.m. Tel. 47606847, info@flatearth.no, www.flatearth.no
- **Trebua** – ligg ved sida av Eidfjord gamle kyrkje. Samling av Hardingfeler etter den kjende felemakaren Anders J. Aasen. Brukskunst, treskjæring, relieff. Open under cruiseanløp, elles omvisning etter avtale. Tel. 91718521, olaf.bu@eidfjord.net.
- **Båtutleie**
 - Eidfjord Fjell & Fjord Hotel, Tel. 53665264, post@effh.no, www.effh.no
 - Jørg Epperlein, Tel. 41663069, j_epperlein@yahoo.com (også utleie fiskeutstyr)
 - Eidfjord Gjestgiveri, Tel. 53665346, www.ovre-eidfjord.com
- **Kano- og sykkelutleie** – vi har kanoar og sykklar til utleie på turistkontoret.
- **Mini fjordcruise** – med båten "Vøringen" frå Eidfjord kl 14.40 til Lofthus kl 16.15, retur til Eidfjord med buss frå Lofthus kl 17.15 til Eidfjord kl 18.20. Billettar kan kjøpast på turistkontoret.
- **Sightseeing i Eidfjord** – 2,5 timers tur i dramatisk natur med buss frå Eidfjord kl 11.45 til Hardangervidda Natursenter (inkl. inngang), Vøringfossen og retur til Eidfjord. Billettar kan kjøpast på turistkontoret.
- **Trolltoget i Eidfjord sentrum** – toget som går på hjul køyrer ein 55 minutters sightseeing-tur i Eidfjord på dagar med cruiseanløp og for grupper på forespørsel.
- **Fottur rundt Hæreid med vikinggraver**
 - lett og populær fottur (rundtur) ca 1,5t.
- **Sysendalen, Hardangervidda** – Fin tur langs gang- og sykkelvegen. Fint og populært terreng for turar, fiske og bærplukking.

Det skjer, det skjer i Eidfjord

Dei beste augneblinka er som oftast dei du skapar sjølv eller saman med nokon du er glad i. Eidfjord har noko for alle. Her kan generasjonar vere saman, barnefamiljar eller nyforelska. Vil du la deg underhalde eller ta del i aktivitetar og gode opplevingar saman med andre, så ser du under nokre av dei faste arrangementa kvar sommar og haust:

MAI - JUNI	Hardanger Musikkfest - i Ullensvang, Eidfjord, Odda www.hardangermusikkfest.no
JUNI	Eidfjord småbanecup - fotballturnering for born www.smaabanecup.no
JUNI	Jonsokfeiring
JULI - AUGUST	Felles fottur – med kløvhest til Hårteigen 1690moh.
AUGUST	Eidfjord Mini Triathlon – 1/10 av det store "Norseman Xtreme Triathlon". www.eidfjordil.no
AUGUST	Norseman Xtreme Triathlon – verdens hardaste triathlon med start i Eidfjord. www.nxtri.com
AUGUST	Sommardans på Vik Pensjonat
SEPTEMBER	Hardangervidda Marathon - 42.192 meter med høgjellsti, elvekryssing og springing i trange dalar, målgang i Eidfjord sentrum. www.xtremeidfjord.no
SEPT - OKT	Hardanger Matkulturfestival - med sal av tradisjonsmat www.hardanger-matkulturfestival.no

For nærare informasjon sjå www.visiteidfjord.no eller nettsida til arrangementet.

God mat og drikke har lange tradisjonar i Eidfjord

Naturen er raus i Eidfjord. Her kan ein jakte, fiske og plukke bær frå berekraftige ressursar. Ressursar som folk i Eidfjord har lært seg å ta vare på og utnytte til kvardag og fest. Derfor står matkultur og mattradisjonar sterkt i Eidfjord. Og her finn du mange spisestader som byr på kortreist tradisjonsmat til glede og fornøyelse for gjester og eigen gane. Har du kjøpt jakt- eller fiskekort, kan du sjølv hauste frå naturen når det er sesong for det. I sjøen fiskar du fritt, og bær plukkar du fritt på statsallmenningen. Fleire stader er det også muleg å få kjøpt mat laga av lokale råvarer, bakverk, frukt og bær. Velkommen til vårt spiskammer.

Gode spisestader i Eidfjord:

- **Quality Hotel & Resort Vøringfoss**, 53 67 41 00 www.voringfoss.no
- **Eidfjord Fjell & Fjord Hotel**, 53 66 52 64 www.hardangercatering.no
- **Vik Pensjonat og Hytter**, 53 66 51 62 www.vikpensjonat.com
- **Hardangerviddahallen Restaurant**, 53 67 40 00 www.hardangerviddanaturesenter.no
- **Eidfjord Gjestgiveri**, pannekaker, 53 66 53 46 www.ovre-eidfjord.com

Turisthytter inne på Hardangervidda med servering er ikkje med i denne oversikta. For nærare informasjon om opningstider sjå våre nettsider www.visiteidfjord.no. Vel bekomme!

Handel i Eidfjord:

- "Mangfaldet" gåver og souvenir, 952 10 554 bsovik@online.no
- "Unik" gåver og souvenir, 53 66 52 20 unik@eidfjord.net
- "Håndverkstue", 416 63 069 j_epperlein@yahoo.com
- "Joker Eidfjord", 53 66 51 82 joker_eidfjord@ngbutikk.no
- "Coop Marked Eidfjord", 53 66 51 86 eidfjord@marked.coop.no
- "Garen Kolonial", 53 66 57 25 www.garencamping.no
- "Yx-Eidfjord" bensinstasjon, 53 66 54 73 frode.eriksen@eidfjord.net

For nærare informasjon om opningstider osv., kontakt turistkontoret eller sjå www.visiteidfjord.no






Det er liv på kaien når det kjem cruiseskip

Eidfjord er blitt ei populær cruisehamn og har årlig besøk av over 50 skip. Ønsker du å ta del i det internasjonale miljøet som oppstår i Eidfjord når skipa ligg til kai så finn du besøkstidene på våre nettsider - oppdatert liste blir lagt ut i mars/april.



SYMBOL FORKLARINGAR

-  Post
-  Butikk
-  Overnatting
-  Spisestad
-  Buss
-  Bensinstasjon
-  Bank
-  Lege
-  Cruisehamn
-  Tørestasjon for bil
-  Informasjon
-  Informasjonstavle
-  Gjestehamn for fritidsbåt
-  Kai
-  Parkering
-  Rasteplass, benk
-  Toalett
-  Småbåthamn
-  Turveg-/sti
-  Aktiviteter
-  Utsiktspunkt
-  Attraksjon
-  Leikeplass
-  Bading
-  Sandvolleyball-bane
-  Skuleanlegg
-  Sti for funksjonshemma
-  Turstiar



ATTRAKSJONAR I EIDFJORD SOM SKAPAR BEUNDRING

Her finn du både naturskapte og menneskeskapte attraksjonar som skapar beundring og opplevingar du seint vil gløyme

Vøringsfossen - Norges mest berømte foss

Vøringsfossen er Norges mest besøkte naturbaserte turistattraksjon. Fossen har ei total fallhøgd på 182 m, der 145 m er fritt fall. Den beste utsiktsplassen er ved Fossli Hotel som ligg på toppen av Måbødalen, ca. 20 km frå Eidfjord sentrum. Ta av Rv 7 ved avkøyrla til Fossli Hotel/Vøringsfossen. Andre kjende fossar i Eidfjord er Vedalsfossen i Hjølmadalen, Valurfossen i Veigdalen og Skytjefossen i Simadal. La deg fascinere av fossane i Eidfjord.

[Snakk med Turistkontoret for nærere informasjon.](#)

Sima Kraftverk

Sjå eit av dei største vasskraftverka i Europa

Der vatn blir til fornybar energi! Stasjonshallen ligg 700 m inne i fjellet, og er 200 m lang, 20 m breid og 40 m høg. 15.06.-15.08. tilbyr vi daglege omvisningar som består av ein flott film om anleggsutbygginga og Statkraft, og ei omvisning i stasjonshallen inne i fjellet. Omvisinga varer 1 time. Sima Kraftverk ligg i Simadal, ca. 7 km frå Eidfjord sentrum. Følg skilting. Fint å kombinere med besøk på Kjeåsen.

Daglege omvisninga: 15. juni - 15. august: kl 10, 12 og 14.

Skytjefossen

Dette er ein av dei fossane i Norge som har høgast fall; 300 meter. Skytjefossen er regulert, men kan i periodar ha god vannføring og er då eit fantastisk syn. Ta av frå RV 7 i Eidfjord sentrum. Følg skilt til Sima kraftverk, fortsett forbi kraftverket så langt det er asfaltert veg (parkeringsplass Tveit). Følg skogsbilvegen vidare innover Simadal til fots (ca. 15 minuttar kvar veg). Du ser fossen på høgre side.

Hardangervidda Natursenter Eidfjord

Utforsk det beste av norsk natur

Hardangervidda Natursenter Eidfjord er eit moderne opplevingssenter for norsk natur, klima og miljø. Tre etasjer med spennande utstillingar, dioramaer, interaktive stasjonar, utradisjonelle akvarium, temavideoar og illustrerande plansjetekstar. 20 minutt du aldri vil gløyme - moderne kinosal med 5 skjermar og plass til 168 personar. Den er bygd i samarbeid med Ivo Caprino, og viser ein 225 graders panoramafilm om Hardangervidda, Hardangerfjorden og det vakre «fosselandet» vestafjells, du kjenner deg som ein deltakar på reisa. Souvenirbutikk og turistinformasjon. Hardangerviddahallen Restaurant byr på tradisjonsrik mat i eit bygg med historie. Senteret ligg ved Rv 7 i Øvre Eidfjord, 7 km frå Eidfjord sentrum.

Opningstider: April - Oktober kl 10-18, 15. Juni - 20. August kl 09-20
www.hardangerviddanaturcenter.no

Kjeåsen - "Ørnereiret" som viser gamal busetjing

Den kjende fjellgarden Kjeåsen ligg som eit ørnereiret i den stupbratte fjellsida, 530 m over Simadalsfjorden. Kjør ca. 2 km forbi Sima Kraftverk, og ta første veg til venstre (følg skilting). Vegen opp til Kjeåsen er 5 km lang. Halvparten av vegen går gjennom ein tunnel utan lys. Kjeåsen ligg til venstre etter at du kjem ut av tunnelen. Timekjøring: Oppkjøring kvar heile klokke. Nedkjøring kvar halve klokke. Du kan også gå turstien opp den bratte fjellsida, fantastisk utsikt! (ca. 1,5 - 2 timar kvar veg). Dette er den opprinnelege stien til fjellgarden Kjeåsen. Kjør inn til Sima kraftverk, parker bilen på parkeringsplassen, sjå etter skiltet "Kjeåsen", og følg stien langs fjorden til du kan sjå ei lita raud hytte. Her begynner stien å gå oppover, merka med raud "T". Stien går bratt oppover, passerer ein bekk som er siste mulegheit til å fylle vannflaska. Ca. 300 meter over fjorden er dei berømte tømmerstokkane som er lagt over stålboltar i fjellet, med fjorden

300 meter rett under deg. Stien går vidare bratt oppover, også i stigar. Nærare toppen er det murt opp ei steintrapp, og så ser du garden. Turen er eigna heile sommaren frå ca. 15. mai til oktober (bør vere snøfritt).

Hardangervidda

Nord-Europas største høgfjellsplatå

Hardangervidda med sine ca. 10.000 km² er Nord-Europas største høgfjellsplatå. Her finn du Norges største nasjonalpark på ca. 3400 km². Hardangervidda nasjonalpark representerer eit særleg verdifullt høgfjellsområde med den største villreinstamma i Europa. Hardangervidda er også den sørlegaste utposten for mange artar av arktiske planter og dyr. Hardangervidda er eit eldorado for fjellvandrarar med telt og fiskestang. Området er kjent for sine fiskerike vatn og vassdrag med fin fjellaure. Det finst eit nettverk av merka stiar, betjente, sjølvbetjente og ubetjente turisthytter. Det er også gode mulegheiter for jakt på vidda. Hugs fiskekort og jaktkort. Hjølmadalen i Øvre Eidfjord eller Tinnhøvegen ved Dyranut langs Rv 7 over Hardangervidda, er innfallsportane til nasjonalparken. [Be om eigen folder "Turgleder" på turistkontoret, med kart og forslag til turar på og rundt Hardangervidda.](#)

Galleri Nils Bergslien - Kulturoppleving med unike maleri

I tilknytning til Quality Hotel & Resort Vøringfoss, har Eidfjord kommune bygd eit flott galleri for sin unike samling av Bergsliemaleri. I tillegg har galleriet eit eige rom for andre kunstutstillingar. Galleri Nils Bergslien ligg i Eidfjord sentrum. [Gratis inngang!](#) Snakk med turistkontoret om opningstider eller sjå våre nettsider, www.visiteidfjord.no.

Eidfjord gamle kyrkje - Steinkyrkja frå 1309

Steinkyrkja fra 1309 er ei jakobskyrkje og hadde i 2009 sitt 700-års jubileum. Segnet fortel at Rika-Ragna bygde kyrkja for å bøte for syndene sine. Ope for grupper på forespørsel.

